


Monsterkrana pregar Storsundet

27.02.2013



Berre ein monsterkonstruksjon kan tevla med fjella våre med omsyn til dimensjonar, men vi har ein slik konstruksjon nærmast midt i bygda svært ofte. Det er monsterkrana Uglen tilhøyrande reiarlaget Ugland som pendlar fram og attende gjennom Storsundet medan ho gjer tenest for livbåt-testinga til Scat-Harding. Uglen ligg ved Børnes kai om natta fordi denne kaia er betre eigna som base og ankringsplass enn området på Seimsfoss. Men korleis er eigentleg Uglen si historie?

Overraskande nok tek ho til å bli gamal ettersom ho vart levert frå Nymo så tidleg som i 1978 altså fo 35 år sidan.

Uglen har ein løftekapasitet på 600 tonn. Ho er stadig på farten langs kysten i ymse oppdrag og vert administrert frå dotterselskapet Ugland Construction i Stavanger. For å sitere Uglands eigen formulering har fartøyet eit vidt spekter av oppdrag for offshore-industrien såvel som hamneutvikling, brubyggjing og skipsbyggjing.

Mykje er skreve gjennom åra om oppdraga ho har hatt. Til dømes les vi i Adresseavisa om løfting av svære oljetanker i Trondheimsområdet. Der vert det opplyst at sjølv om ho måler 'berre' 84 meter slik ho står i dag kan ho riggast opp til å verta 150 meter.

Eit høgdepunkt var i fjor haust då Uglen vart nytta under slippet av redningsbåten FF 1200 frå 60 meter på Seimsfoss, som var ny verdsrekord. Den vog imidlertid ikkje meir enn 7 tonn medan ein av tankene i Trondheimsområdet til samanlikning vog 148 tonn.

Tekst: Ola Matti Mathisen